



KVA SKJER I BYGLAND? August 2020

	ARRANGØR; STAD	TID	ARRANGEMENT
sundag 02.08.	Bjoren; Bygland brygge	kl. 11.00	Bjoren open tur
	Kyrkjene i Bygland	Kl. 16.00	Gudsteneste i Bygland
Måndag 03.08.	Bygland / Byglandsfjord oppvekstsenter		Barnehagen og SFO starter opp att
onsdag 05.08.	Bjoren; Bygland brygge	kl. 11.00	Bjoren open tur
	Bygland Jeger & Fiskarlag, Leirduebanen i Bygland	Kl. 18.00	Leirdueskyting
Laurdag 08.08.	Bjoren Brygge	Kl. 21.30	Konsert: Johnny Cash aften
sundag 09.08.	Bjoren; Bygland brygge	kl. 11.00	Bjoren open tur
	Kyrkjene i Bygland	kl. 11.00	Gudsteneste på KVS-Bygland
onsdag 12.08.	Årdal Skytterlag, skytebane på Senum	kl. 17.00	Storviltprøve/trening
	Bygland Jeger & Fiskarlag, Leirduebanen i Bygland	Kl. 18.00	Leirdueskyting
sundag 16.08.	Byglandsfjord brygge	kl. 11.00	Bjoren open tur
	Bygland turistkontor	Kl. 11.00	Siste opningsdag for sesongen
Måndag 17.08.	Bygland /B-fjord skule		Skulen starter opp att
onsdag 19.08.	Årdal Skytterlag, skytebane på Senum	kl. 17.00	Storviltprøve/trening
	Bygland Jeger & Fiskarlag, Leirduebanen i Bygland	Kl. 18.00	Leirdueskyting
Laurdag 22.08.	Kyrkjene i Bygland	Kl. 11.00	Konfirmasjon i Bygland kyrkje
	Bjoren Brygge	Kl. 21.00	Konsert med The Sunshine Boys
onsdag 26.08.	Årdal Skytterlag, Senum	kl. 17.00	Storviltprøve/trening
	Bygland Jeger & Fiskarlag, Leirduebanen i Bygland	Kl. 18.00	Leirdueskyting
Sundag 30.08.	Kyrkjene i Bygland	Kl. 11.00	Konfirmasjon i Årdal kyrkje, Grendi

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117



Byglandsnytt nr.12 – august 2020

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no
Neste utgåve: 1. september - Send tips om arrangement til post@bygland.kommune.no innan 28.08.
 Bygland kommune si heimeside er: www.bygland.kommune.no

Politiske møte, sakspapir og protokollar: www.bygland.kommune.no/innsyn
 Ingen møter i august

Opningstider Bygland kommunehus

Publikumsmottak: måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00

Legekontor: Vanlege opningstider

NAV: Rettleiingssentret på Bygland er foreløpig stengt for besøk utan avtale. NAV tlf. 55 55 33 33 måndag – fredag kl. 08.00-15.00

Opningstider Bygland museumstun

- **Bygland turistkontor**

(eit samarbeide mellom Bygland kommune og Setesdalsmuseet; Presteneset, Bygland)
 20. juni – 16. august, daglig kl. 11.00 – 17.00

- **Bygland museum**

22. juni – 15. august, daglig kl. 11.00 – 17.00
 gratis inngang
 (Bjoren turplan, sjå ekstra side)



Bygland kommune ønskjer alle barn ein god start att på barnehage, SFO og skulen!

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Drift og Forvaltning

Sommarjobb i Bygland kommune

Skuleungdomen har vori til god hjelp med å gjere førefallande vedlikehaldsarbeid som det i den daglege travle kvardagen ikkje er så lett å setje av tid. På Bygland har Byglandsheimen blitt prioritert med måling og oppfrissing av grøntareala. Litt arbeid i sentrum blei det også tid til på slutten av denne veka. På Byglandsfjord har ungdomen måla vassverket og brannstasjonen i tillegg til arbeid med vegetasjon og grøntareal.



1. Marwan Ahmad Alkadi (uteseksjonen) 2. Roald Kvaale Skibsrud (m høyrsevern) 3. Daniel Eikerapen (m briller og caps) 4. Fredrik Langfeldt (driftsleiar uteseksjonen) 5. Bileali Sami Bilal (Tine t skjorte) 6. Vegard Heia (Diesel t skjorte) 7. Kjell Øyvind Berg (tenesteleiar Dfv) 8. Benjamin Kallhovd (med spade) 9. Ånund Homme Egge (grøn genser) 10. Sigrid Høgevold 11. Audun Attestog var ikkje tilstades då bilde blei teke. Fotograf: Ole Birger Lien for Setesdölen

Bandtvang for hundar 01.04. – 20.08.

Hugs bandtvang for hundar og informer og både nasjonale og internasjonale sommargjester og turfolk om det. 🐕



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Forskjellig

Bispevegmarsjen: 08. August, Valle/Fyresdal

Laurdag 8. august 2020 er det klart for årets finaste tur over heia frå Fyresdal til Valle. Turen er i underkant av 30 km og går i høg fjellsterreng over vidstrakte heiar i 1100-meters høgde.

Arrangør: Valle IL og Fyresdal IL

Påmelding til Valle turistkontor innan **laurdag 3. august:**

E-post: sentralbord@valle.kommune.no - Tlf: 379 37 500



Klassisk i Setesdal

I dagene 13.-16. august blir det en festival med klassisk musikk og kirkemusikk i Valle og Bykle.

Program

- Torsdag 13.08. kl. 19.30 i Valle kyrkje: orgelkonsert med Kåre Nordstoga
- Fredag 14.08. kl. 20.00 i Bykle kyrkje: konsert med Fjære kammerkor og Andrea Maini
- Laurdag 15.08. kl. 19.30 i Valle kyrkje: konsert med Kristiansand Sinfonietta
- Laurdag 15.08. kl. 22.00 i Valle kyrkje: cellokonsert med Jasper Havelaar

Sundag 16.08. kl. 13.00 i Bykle kyrkje: finalekonsert med musikarar frå Kristiansand Symfoniorkester

Meir info på Facebook «Klassisk i Setesdal» eller www.bykle.kyrkja.no / www.valle.kyrkja.no - Festivalpass kan kjøpast på www.ebillett.no

13.-16. august 2020 KLASSISK I SETESDAL

Festival med klassisk og kirkemusikk i Valle og Bykle

Kåre Nordstoga

Fjære Kammerkor
dir. Andrea Maini

Kristiansand Sinfonietta

Jasper Havelaar

Blåsarkvintett
frå Kristiansand Symfoniorkester

Festivalpass: www.ebillett.no/bykle/2633

Info: www.bykle.kyrkja.no — Facebook: «Klassisk i Setesdal»

Arrangør:



Hovudsponsorar:



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Det kan søkjast om:

- Tapte inntekter frå arrangement som skulle vore arrangerte i perioden (for eksempel tapte billettinntekter, parkeringsinntekter, inntekter frå loppemarked eller kioskinntekter).

Arrangement vil seie tidsavgrensa aktivitetar som er opne for alle medlemmene, besøkande, publikum og andre deltakarar i målgruppa.

- Tapte billettinntekter frå anna spesifisert aktivitet i perioden (for eksempel museer, akvarier, kinoar eller idrettsanlegg).

Anna spesifisert aktivitet vil seie tilbod i regi av frivillige verksemder som skulle vore opne for besøkande i den gjeldande perioden.

- Tapte utleieinntekter i perioden (utleige av bygningar, anlegg, hytter, båtar og andre rom og lokale).

- Tapte inntekter som følgje av at organisasjonen har mista oppdrag i tilknytning til eit arrangement eller anna spesifisert aktivitet.

Les meir på Lotteri- og stiftelsestilsynet sine nettsider.

(<https://lottstift.no/ny-krisepakke-for-frivilligheita-2/>)

Tømekalender for Bygland kommune – august 2020

Papir og plast: veke 33: tysdag 11.08.

Matavfall og glass/metall: veke 33: torsdag 13.08.

Matavfall og restavfall: veke 35: torsdag 27.08.

Nesmoen Gjenvinningsstasjon: open kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (12.08.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (22.08.)

Syrteveit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-1300 (08.08.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 12:

Redaktøren har ferie veke 31-33, difor var redaksjonsslutten til denne utgåve allereie den 24. juli. Aktiviteter som kom inn etter det kunne diverre ikkje ble tatt med i kalenderen og vi ber om forståing for dette.

Bilete: Framside og Kva skjer: Susanne Hegenscheidt, Innhald: Nina Bygland, Marit S. Kvaale, Ole Birger Lien, pixabay.com, [Grafisk-partner](http://Grafisk-partner.com), sommarmes.no, Anne Fauske, Susanne Hegenscheidt, Kultur i Valle. Tusen takk til alle fotografane!

Redaksjon: Susanne Hegenscheidt - Korrektur: Liv Elin Frøysnes Berg

Neste utgåve Byglandsnytt: 01. september 2020

Redaksjonen gleder seg over 1 år med Byglandsnytt! 😊

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Bandtvang for hundar gjeld over heile Noreg og den generelle perioden er frå 1. april til og med 20. august.

Bandtvang skal hindre at hundar skadar andre dyr, som beitedyr, vilt og fugl.

Aktivitetar i Byglandshallen

Aktiviteten i Byglandshallen blir organisert frå Bygland oppvekstsenter. Frå vedtekne bruksreglar, k – sak nr 60/16 følgjer at dei som ynskjer å bruke hallen til faste aktivitetar komande sesong bør melde ynskje om bruk innan 1.juni kvart år.



Me ber om at lag / organisasjonar og enkeltpersonar så snart som mogleg melder ifrå om planlagt aktivitet hausten 2020 / vinteren 2021 til Bygland oppvekstsenter.

Ønske om eingongsbruk må avklarast med Bygland oppvekstsenter ved utkvittering av eigen lånenøkkel.


Av omsyn til planlegging av reinhaldskrav, er det avgjerande at nøkklar ikkje blir lånt ut frå dei som allereie har nøkklar / tilgang til hallen.

Økonomi og næring

Agdernæring om næringslivet i Bygland

Setesdal Vekst i samarbeide med Grafisk Partner har laga ein flott reportasje om næringslivet i Bygland kommune som ble publisert i Agdernæring nr. 1 Juni 2020, s. 21 – 30.

Agdernæring på nettet: agdernering.no



Oppvekst

Bygland og Byglandsfjord oppvekstsenter

- Begge barnehagen opnar att etter ferien måndag 3. august.
- Oppstart for elevane på skulane er **måndag 17. august**.



SFO opnar att måndag 3. august.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Litt praktisk informasjon med tanke på smittevern:

- Barna må vaske hendene før dei drar heimanfrå/når dei kjem til SFO.
- SFO held framleis til på skulen – i 2. etg over kulturscenen.
- Levering og henting: Det vil vere informasjon på ytterdøra om korleis de skal gjere dette.
- Barna må ha med all mat dei treng i løpet av dagen (tre måltid om dei et frukost også på SFO) + drikkeflaske.
- Barna kan ha med badetøy om dei vil.

Ved spørsmål ta kontakt med

Lene Fjerdingsstad - Ass.tenesteleiar, Bygland oppvekstsenter, avd. skule

M +47 97 50 64 14 | T +47 37 93 53 71

E lene.fjerdingsstad@bygland.kommune.no

Kultur

Bygland folkebibliotek sommarstengt

Sommarferien på folkebiblioteket blir vekene 28 til og med 32. Biblioteket opnar igjen på **måndag 10.08.** med vanleg opningstid.

Sommarles 2020

Delta i Noregs største og kulaste lesekampanje! - Meir informasjon: sommaries.no

Kvar måndag kl. 11.00 blir det publisert nytt kodeord på kommunen sin Facebook-side.



Kyrkjene i Bygland

Gudstenester

sundag 02.08. kl. 16.00 Bygland kyrkje

Konfirmasjon

laurdag 22.08. kl. 11.00 Bygland kyrkje

sundag 30.08. kl. 11.00 Årdal kyrkje, Grendi



Kyrkjekontoret i Bygland

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472, Kyrkjevevje: Olav Nilsen: 982 99 711,

Prostidiakon: Per Emanuelson: 977 19 173

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Bygland Frivilligsentral

Utstyrssentralen ope i sommar

Har du lyst å finne på noko i sommarferien, då kan det hende me har det du treng! Ring: 945 02 858.

Våre utrulege flotte **frivillige** vil halde utstyrssentralen ope gjennom sommaren.

Ein kan ikkje forvente at dei møter opp til alle tider, og ved alle behov, fordi dette er folk som arbeider fullt utanom, og kan gjerne berre på kveldar. Me ber om forståing for det.

Me får stadig inn nytt utstyr. - **Utstyrssentralen:** tlf.: 945 02 858



Frivilligsentral får brukarråd til hausten

Etter feriene vert frivilligsentralen organisert slik:

1. Dei tilsette i Frivilligsentralen er å sjå på som fast tilsette i kommunen med rettar/plikter på lik line med andre tilsette i kommunen og er dermed organisert under kommunedirektøren.
2. Det blir oppnemnd eit brukarråd bestående av 5 representantar som representerar brukarane valt av dei friviljuge sine organisasjonar.
3. Det må lagast retningslinjer som klargjer ansvaret mellom kommunedirektøren og brukarrådet.



KONTAKT: Anne Fauske/Bygland frivilligsentral

tlf.: 945 10 770 - Sentrum 18, 4745 Bygland; e-post:

post@bygland.frivilligsentral.no

Ny krisepakke for frivilligeita

Ein ny koronakrisepakke for frivillige lag og organisasjonar er klar. Formålet med ordninga er å kompensere frivillige organisasjonar som har betydelege inntektstap frå arrangement eller anna spesifisert aktivitet, som følgje av pålegg eller råd gitt av staten i samband med COVID-19-utbrotet.

Krisepakke 2 gjeld for perioden 12. mars til og med 31. august 2020.

Søkarane må vere registrerte i Frivilligregisteret. Søknadsfristen er 15.09.



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117